

Det Kgl Utdannings-
og forskningsdepartementet
Postbok 8119 Dep
0032 OSLO

Bergen 26. januar 2006

HØRING – Forslag om midlertidig endring i friskoleloven m m

Norsk Lærerakademi Bachelor- og masterstudier (NLA BM) og NLA Lærehøgskolen (NLA LH) – gjev ei felles fråsegn til forslaget om endringar i friskoleloven. Våre skular vert ikkje direkte ramma av desse endringane, sjølv om røynslene frå arbeidet med statsbudsjettet for 2006 tyder på at det dokumentet kallar ei ”politisk kursendring”, også vil ramma ikkje-statlege høgskular økonomisk.

I hovudsak er vi negativt innstilte til Departementet sine forslag, ikkje minst fordi vi meiner at gjeldande lov sikrar både kommunale og statlege skular sin eksistens og dominerande plass i norsk skule. Dersom ein likevel ser etableringa av private vidaregåande skular som ikkje byggjer på eit pedagogisk eller religiøst alternativ, som eit trugsmål mot einskapsskulen, så burde framlegget til endringar vore meir spissa inn mot denne gruppa. Slik det no er – og det vedgår også Departementet – vil endringane for det første ramma alle skuleslag, for det andre får dei tilbakeverkande kraft, og for det tredje vert ikkje minst det skuleslaget som uttrykkeleg var unnateke den politiske nyorienteringa i Soria-Moria- erklæringa, ramma.

Det vert innleiingsvis sitert frå denne erklæringa. Men argumentasjonen i høyringsnotatet ser bort frå det som var kjernen i sitatet, nemleg at gjennomgangen av regelverk og støtteordningar skal stramma inn for skuleslag som *”ikke utgjør et religiøst eller pedagogisk alternativ..”* Dei tydelege politiske signala var at ein ville attende til privatskuleloven. Det var ”frisleppet” av andre skuleslag ein ville til livs.

NLA har stor sans for ønsket om å styrkja den offentlege (her i tydinga (fylkes)/-kommunale) skolen. Det er ei satsing vi stiller oss heilt og fullt bak; det er i desse skulane langt dei fleste av våre studentar skal ha sitt framtidige arbeid. Vi ser også at dei mange søknadene om å etablere vidaregåande skular i dei store byane, kan vekke uro. Det er imidlertid vår overtyding at dersom dei varsla endringane hadde vore meir målretta (og ikkje ramma alt og alle), ville det ha gagna klimaet drøftingane skal skje i. Når unnataket frå endringane berre skal gjelda ”helt særegne urimelige utslag”, er signalet eigentleg det stikk motsette av ordlyden i Soria-Moria-erklæringa. Vi trur også at det er både urimeleg og unødvendig at ei styrking av (fylkes)kommunale skular skal vera avhengig av at dei såkalla ”private” (idealistiske og ikkje-kommersielle) får ein mindre trygg økonomi. Men høyringsnotatet gjer ei slik kopling (sjå innleiingsavsnittet).

Departementet skaper uvisse når ein, utan nærare forklaring, varslar ei utgreiing om ”hva som skal regnes som pedagogiske alternativ, og i hvilken grad loven skal tillate at det opprettes skoler på religiøst grunnlag” (pkt. 3). Kan resultatet bli ein lov som sterkt avgrensar det frirommet som privatskuleloven opna for? Det må vi i så fall åtvara mot.

Foreldreretten er heilt grunnleggjande, og viktigare di lenger ned i årstrinn ein kjem. Sjølv om menneskerettskonvensjonane ikkje pålegg staten å gi økonomisk støtte til lovleg oppretta skular, vil retten fort bli illusorisk utan. Med utgangspunkt i diskrimineringsforbodet i EMK kap.14, har menneskerettskommisjonen elles i ei klagesak sagt at staten ikkje må diskriminera i tildeling av subsidiar. Vi undrar oss difor over formuleringane i siste avsnitt under pkt. 2.

Det er vår tru at dersom ein på alvor ville ha fylgt opp parolen ”tilbake til privatskuleloven”, så var grunnlaget lagt for ein rolegare skuledebatt, med aksept i store krinsar av friskulemiljøet for dei tiltak som vert føreslegne. Men det er ei side av denne saka som vi vonleg får koma attende til, når dei varsla endringane vert presenterte.

Med helsing

Egil Morland
Rektor NLA BM

Bjarne Kvam
Rektor NLA Lærehøgskolen